



Her er laget avbilda etter at dei delte sigeren i Odda Cup i februar

**G-14-laget til Rosendal/Uskedal kan gå inn i sommarferien med ei soleklar tabell-leiing. På dei 9 seriekampane til no i sesongen har dei samla 27 poeng. På imponerende vis har dei gått ut av samtlige kampar med solide singlar. Njardar/Tysnes(7' ar) har 18 poeng og Trio 15, og dei føl på 2. og 3.plass.**

Nyleg spela dei kampar mot desse to laga, og sigersmarginane vart svært så klare. På heimebane møtte dei Trio, og vi kan vel ikkje sei at vertane var særleg gjestmilde. Dei sende motstandarane heim med eit stygt 11 - 3 tap. Dei 4 uskedelingane som var med, Martin Yri, Karsten A. Haugland, Sondre S. Myklebust og Emil B. Berntsen gjorde alle ein flott innsats. Sondre befesta sin posisjon som ein toppscorar og noterte seg for 4 fulltreffarar. Emil scorar og jamnt og trutt og noterte seg for ei scoring.

Mot Njardar/Tysnes som ligg på 2.plass spela dei på bortebane. Dette var ein jamnare kamp, men sigersifrane vart likevel klare! Då dommaren bles av kampen, hadde Rosendal/Uskedal sett inn 9 mål medan tysnesingane hadde kvittert 5 ganger. Både Emil og Sondre kom på scoringslista også i denne kampen. Laget har scora 85 mål på dei 9 kampane medan dei berre har sleppt inn 23.

Det er tydeleg at laget er modne for sterkare motstand, og det vert kjekt å sjå korleis dei vil utvikla seg både i resten av sesongen og komande år.

På Rosendal Turnlag si heimeside kan de lesa fyldige kampreferat [her](#) og [her](#).

Tekst: Thor Inge Døssland